



## UKM 05/16

### Om plan for kjønn og likestilling

«Det er jo derfor vi plar gjere det slik ...»

Strategiplan for likestilling mellom kjønn i Den norske kyrkja (heretter kalla strategiplanen) i perioden 2015–2023 vart vedteken av Kyrkjerådet i juni 2015. Ungdommens kyrkjemøte 2016 har drøfta innhaldet i strategiplanen og støttar i all hovudsak måla og tilnærminga i planen. UKM vil medverke til at denne viktige planen blir meir synleg internt i Den norske kyrkja, slik at han kan bli gjennomført på ein god måte. UKM vil òg peike konkret på kva som kan gjerast for å utvikle likestillingsarbeidet i Den norske kyrkja vidare. I Den norske kyrkja vil det vere ulikt kor mykje alle kan stille seg bak alt i strategiplanen, og kor lett det lèt seg gjere å implementere alle tiltaka i kyrkjelydane. Vi kan leve med ulike tilnærmingar til likestilling i kyrkja, men UKM vil halde fast at hovudmålet i strategiplanen gjeld for alle.

I tråd med temaet for årets UKM, nåde, vil vi lyfte fram den plikta Den norske kyrkja har til å forkynne i praksis at nåden er for alle. Dåpen er lik for alle og gir alle tilhøyrsløse i Kristus som likeverdige. Alle menneske er skapte i Guds bilete, med same ukrenkjelege menneskeverd, og derfor kan vi ikkje gjere forskjell på folk. Den norske kyrkja må vere eit likestilt fellesskap der det er plass til alle menneske akkurat slik som dei er. UKM ønskjer at kyrkjelydane i Den norske kyrkja skal spegle mangfaldet i skaparverket.

Ein del av det å vere eit inkluderande kyrkjelydsfellesskap er å gi rom for personar med ulike kjønnsuttrykk og ulike kjønnsidentitetar. Ikkje alle har ein like eintydig kjønnsidentitet og/eller seksuell identitet. Alle menneske har eit samansett forhold til sitt eige kjønn, og kjønn er berre éin del av identiteten vår. Andre forhold, som til dømes alder, funksjonsevne, sosial status og etnisitet, samverkar med kjønn. UKM vil understreke kor viktig det er å forstå kjønn og likestilling i dette større perspektivet.

Trass i ei meir fleirdimensjonal tilnærming til kjønn er det i samfunnet framleis kjønnsstereotypiar om kva som er mannleg og kva som er kvinneleg. Meir eller mindre klare normer for akseptert åtferd kan vere så snevre at dei hindrar fri utvikling og utfolding for den enkelte. UKM vil framheve at arbeidet med likestilling i kyrkja må gi rom for variasjon og skilnader, slik at den enkelte kan oppleve eit stort spelerom med respekt for at vi er ulike.

UKM vil understreke kor viktig det er at strategiplanen spesielt har omtala lhbt-personar og andre skeive. Guds kjærleik til alle menneske har alltid vore der, sjølv om ein ikkje har klart å formidle dette. UKM beklagar all den diskrimineringa og ekskluderinga som lhbt-personar og andre skeive har vore utsette for frå Den norske kyrkja, og vil arbeide for at dette skal ta slutt. UKM vil oppmode Kyrkjemøtet – som det øvste organet i Den norske kyrkja, og leiaren for Kyrkjerådet – om også å gjere det same.

UKM meiner at språkbruken i strategiplanen ikkje godt nok inkluderer personar som ikkje identifiserer seg eintydig som menn eller kvinner. Derfor vil UKM peike på behovet for å jobbe meir med desse perspektiva i det vidare arbeidet med å setje strategiplanen ut i

#### Ordforklaringar:

##### Ordforklaringar:

**lhbt-personar:** lesbiske, homofile, bifile og transpersonar.

**skeiv:** personar som kallar seg skeive, ønskjer å utfordre oppfatningar om kva som er vanleg, naturleg eller normalt i samfunnet. Også dei som blir seksuelt tiltrekte av personar av motsett kjønn, kan omtale seg sjølve som skeive, med den grunngivinga at dei bryt med forventningar om korleis kvinner og menn bør sjå ut og te seg.

**stereotypi:** inngrodd, vanebunden, unyansert innstilling, oppfatning eller handling.

**kjønnsidentitet:** den personlege oppfatninga av kva kjønn ein er. Opplevinga er subjektiv og ikkje nødvendigvis i samsvar med den ytre anatomien til kroppen, eller med oppfatninga hos andre av kva kjønn ein er.

**kjønnsuttrykk:** måten ein bevisst eller ubevisst uttrykkjer kjønnsidentiteten sin på.

Kjelde: [snl.no](http://snl.no)

livet, gjennom å ha ein konsekvent og inkluderande omgrepsbruk i omtale av lhbt-personar og andre skeive.

Det er alltid fleirtalet som har ansvar for å sjå til at det blir teke vare på mindretalet. Derfor må Den norske kyrkja jobbe aktivt mot haldningar og åtferd i kyrkja som kan føre til at nokon opplever å bli behandla som mindre verte enn andre.

Likestillingssak er ikkje eit spørsmål som først og fremst gjeld kvinner. Korleis makt blir brukt, er noko som alle treng å tenkje meir over. UKM ønskjer at fleire aktivt engasjerer seg i arbeidet for eit meir likestilt samfunn og ei meir likestilt kyrkje. Eit meir likestilt fellesskap er eit betre fellesskap for alle.

UKM har diskutert fire tiltak i planen og har desse konkrete utfordringane til Den norske kyrkja og samarbeidande organisasjonar:

**«Leggje vekt på å få god balanse mellom jenter og gutar, kvinner og menn i barne- og ungdomsarbeid.»**

(Strategiplanen s. 10)

UKM vil rette kritikk mot språkbruken i dette punktet fordi berre to kjønnsidentitetar er omtala. Ein må ha ein kjønnsnøytral omgrepsbruk som mål ettersom berre å trekkje fram to kjønnsidentitetar blir for snevert til at alle får oppleve at dei er inkluderte, og til å bevare ønsket om ein reell balanse i barne- og ungdomsarbeidet.

UKM strekar under at reelt mangfald og brei deltaking er noko av det viktigaste i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja. Når ein skal rekruttere leiarar, er det viktig å sjå etter personar med dei leiareigenskapane som trengst for å få ein best mogleg samansetnad av leiargruppa.

UKM uttrykkjer uro over ein statistikk som til dømes viser at berre 21 % av diakonane i Den norske kyrkja er menn, og at prosentdelen av mannlege diakonar minkar. I 2014 var berre 30 % av prestane i fast stilling i Den norske kyrkja kvinner.<sup>1</sup> I nokre bispedømme er berre 18 % av prestane kvinner. Blant teologistudentane har kjønnsfordelinga vorte jamnare. Sjølv om vi ser ei jamnare kjønnsfordeling blant teologistudentar i dag, er det ingen garanti for at alle endar opp som prestar i Den norske kyrkja i framtida. Rundt rekna éin av fire som fullfører teologistudiet, arbeider av ulike grunnar ikkje som prest.<sup>2</sup> Kyrkja må tilby gode og likeverdige arbeids- og lønnsvilkår.

Det trengst ei jamnare fordeling blant dei tilsette i kyrkjelydane for å få til eit positivt kjønns mangfald. Dei som tilset, må tenkje vidt for å oppnå dette. Ulike tiltak kan gi den ønskje rekrutteringa til ei stilling, m.a. måten stillingar blir lyste ut på, og utforming av stillingane på ein måte som verkar interessant for fleire. UKM ber om at dei kyrkjelege utdanningsstadene held fast på ei mangfelt studentgruppe for å medverke til at tilsette i Den norske kyrkja skal representere så mange ulike kjønnsuttrykk som mogleg. UKM ønskjer at alle krav om å opplyse om samlivsform ved tilsetjingar i Den norske kyrkja blir fjerna.

UKM meiner det er viktig å ha ei jamn kjønnsfordeling blant leiarane i barne- og ungdomsarbeidet fordi deltakarane treng førebilete dei kan relatere seg til, også med

<sup>1</sup> Årsrapport 2014 frå Den norske kyrkja.

<sup>2</sup> <http://www.kifo.no/doc/rekrutteringsrapporti.pdf>

**Fakta:**

40 % av dei 16-årige jentene i Noreg har fått uønskete seksuelle kommentarar på internett det siste året, mot 13 % av gutane.  
34 % av kvinner og 11 % av menn i Noreg har opplevd seksuelt overgrep.

Kjelde: [nkvt.no](http://nkvt.no)

tanke på kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. UKM ønsker kristne ungdomsmiljø alle stader, som er attraktive for alle å ta del i, og som har leiurarar som viser eit mangfald gjennom å vere gode førebilete for alle.

UKM vil rå kyrkjelydane og barne- og ungdomsorganisasjonane til å

- undersøkje kva for barn og unge som deltek i arbeidet, og setje i gang nye tiltak for å sikre breiare deltaking og større reelt mangfald
- delegere ansvar og oppmuntre barn og unge av alle kjønn til å ta på seg oppgåver og vere med på leiartrening
- leggje til rette for kritisk refleksjon i leiartreninga kring kjønnsroller og oppgåvefordeling
- formidle til barn og unge at det i kyrkja finst ulike syn på ekteskapet
- medverke til at ein tilset personar som i større grad speglar samansetnaden av den norske befolkninga, med tanke på t.d. kjønn og bakgrunn

**«Vere bevisst på å vareta unge og vaksne lhbt-personar i kyrkjelydsarbeidet.»**  
(Strategiplanen s. 10)

UKM vil peike på at mange kyrkjelydar i dag ikkje har nok kunnskap om korleis ein kan inkludere lhbt-personar og andre skeive i kyrkjelyden. Det er viktig å vere nyfiken og open for at folk kan definere seg annleis enn ein ventar.

UKM vil rå kyrkjelydane og organisasjonane til å

- leggje til rette for opne møteplassar på tvers av kyrkjelydar og organisasjonar, der par og einslege med ulike kjønnsidentitetar og seksuelle orienteringar kan skape eit kristent nettverk
- jobbe bevisst med haldningar, omgrepsbruk, kommunikasjon, liturgi og teologi for å vere reelt inkluderande, og med jamne mellomrom snakke om lhbt-spørsmål for å vise at ein er open og nyfiken
- leggje til rette for samtalar med ungdom om m.a. kjønn og identitet
- ha universelt utforma toalett i kyrkjelege lokale, ved for eksempel å fjerne skilta eller berre ha skilt der det står WC eller Toalett. Ein kan òg markere toalett med urinal

**«Vidareutvikle arbeidet mot seksuelle overgrep og styrkje dei strukturane i kyrkja som medverkar til dette.»** (Strategiplanen s. 11)

UKM meiner at dette punktet er svært viktig, og vil i arbeidet mot seksuelle overgrep inkludere seksuelt krenkjande språk og handlingar som ein kan bli utsett for. UKM set pris på det viktige arbeidet kyrkja gjer for å førebyggje og avdekkje seksuelle overgrep, særleg det som har vore gjort i regi av Kirkelig Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep. Ressursar dei har utarbeidd, som m.a. finst på [suntogsant.no](http://suntogsant.no), må brukast meir. Ungdom treng råd og rettleiing om si eiga grensesetjing og om å respektere andre sine grenser, fordi det som blir rekna som normal seksuell praksis, blir påverka av m.a. populærkulturen og media. Dette må ein kome i gang med tidleg.

Systematisk opplæring av tilsette og frivillige er viktig, og det gjer at kyrkjelydane kan vere ein viktig ressurs på dette feltet. UKM ser at arbeidet mot overgrep må styrkjast på alle nivå, særleg på kyrkjelydsnivå.

UKM vil særleg peike på desse punkta som kristne organisasjonar, kyrkjelydar, kyrkjelege fellelråd, prosti, bispedømme og sentralkyrkjelege råd må jobbe med:

- Stille krav om at alle tilsette og frivillige leiarar skal lære om seksuelle overgrep, maktbruk og seksualitet.
- Alle frivillige leiarar som jobbar med barn og unge, må levere politiattest.
- Eldre barn, ungdommar og unge leiarar må jamleg bevisstgjera om grensesetjing, makt og roller, med særleg vekt på korleis ein bruker mobiltelefonar og sosiale medium på ein måte som ikkje krenkjer andre og heller ikkje øydelegg for ein sjølv.
- Alle kyrkjelydar og forsamlingar bør arbeide for ein open kultur der ein kan seie frå dersom ein opplever eller blir merksam på seksuelle overgrep eller trakassering.
- Kyrkjelydar og forsamlingar må ha ein lokal beredskapsplan ved overgrep, og ta alle mistankar om seksuelle overgrep på alvor.
- Ta i bruk materiell i kyrkjelydane som er utvikla av Mellomkyrkjeleg råd, Norges kristne råd, Kirkelig Ressurssenter og Kirkens Nødhjelp til menneskerettssøndagen 2016, med temaet «Retten til eit liv utan vald».
- Synleggjere kyrkjelydane og forsamlingane som ein lokal ressurs når det gjeld grenseoverskridingar og seksuelle overgrep, og samarbeide meir med aktuelle lokale aktørar som helseteneste, støttesenter, krisesenter, overgrepsmottak og andre. Tilby sjelesorg og støttesamtalar til personar som har vore utsette for vald og seksuelle overgrep.

**«Motarbeide diskriminering og undertrykking av seksuelle minoritetar nasjonalt og internasjonalt.»** (Strategiplanen s. 11)

UKM meiner at Den norske kyrkja må forplikte seg til å jobbe for at dei grunnleggjande menneskerettane til seksuelle minoritetar skal sikrast både i Noreg og i utlandet. Den norske kyrkja har eit ansvar for å gå i brodden som eit godt eksempel på desse områda.

UKM vil utfordre alle bispedømmeråd og kyrkjelege fellelråd til å

- vedta at dei ønskjer eit mangfald av søkjarar i alle tilsetjingsprosessar
- slutte å spørje om samlivsforma til søkjarane og dermed ikkje lenger gjere bruk av unntaket i § 16 i lova om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering: *Forbud mot innhenting av opplysningar ved ansettelse*

UKM vil særleg peike på desse punkta der dei sentralkyrkjelege råda bør jobbe for å motarbeide diskriminering og undertrykking av lhbt-personar og andre skeive:

- Støtte samarbeidande organisasjonar som jobbar for å fremje likestilling og lhbt-spørsmål internasjonalt, og protestere når rettane til seksuelle minoritetar blir krenkte.
- Ha dialog med kyrkjer og trussamfunn i Noreg om korleis dei kan fremje stillinga til kvinner og ta hand om seksuelle minoritetar.
- Bruke det økumeniske nettverket til Den norske kyrkja i Noreg og internasjonalt til å setje situasjonen for seksuelle minoritetar i verda på dagsordenen.